



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2166 - 19/32598

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
05.11.2019

Melding om vedtak fatta i Plan- og miljøutvalet - gbnr 240/16 Bjørndal

Vi viser til søknad om dispensasjon og søknad om rammeløyve til oppføring av frittliggande garasje med bod på etablert bustadtomt – gbnr 240/16

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 40.10.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av frittliggande garasje med bod på etablert bustadtomt med bebygd areal (BYA) opplyst til å vere 123m² og bruksareal (BRA) opplyst til å vere 127,2m² på eigedom gbnr 173/41.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av frittliggande garasje med bod på etablert bustadtomt med bebygd areal (BYA) opplyst til å vere 123m² og bruksareal (BRA) opplyst til å vere 127,2m² på eigedom gbnr 173/41 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.02.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve (IG) for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Avtale med kraftlinjeeigar, BKK AS.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kålås Bygg AS
Tom Bjørndal

Torvhusmyrane 2 5913
Bjørndalen 99 5993

EIKANGERVÅG
OSTEREIDET

Mottakarar:

Kålås Bygg AS
Tom Bjørndal

Torvhusmyrane 2 5913
Bjørndalen 99 5993

EIKANGERVÅG
OSTEREIDET